



ÅRSMELDING FRÅ STYRET I FØRDE IL HANDBALL – 2010

Styret har vore samansett av:

Leiar: Eva Moberg
Kasserar: Dagfinn Vik
Nestleiar: Nandor Helgheim

Styremedlemmar : Jan Erik Odden
Jan Birger Moe
Bente Kjørstad Walaker
Dagrun Kyrkjebø

Sportsleg utval har vore samansett av:

Leiar: Odd Erik Gullaksen
Medlemmar: Oddny Sønnesyn
Gunnar Englund
Arild Vindheim
Leif Otto Olsen



Gjennom året har det vore 11 styremøte. Det vart arrangert eiga temakveld med fokus på verdigrunnlag og klubbkultur. Det har vidare vore fleire oppmanns-, arbeids- og evalueringsmøter. I tillegg har det vore samarbeidsmøter med styret i Florø handballklubb . Store deler av arbeidet i styret har, som i tidlegare år, vore knytt til saker som vedrører økonomien i klubben og dei faste oppgåvene i samband med gjennomføring av ulike arrangement. Styret held fram arbeidet med å få betre struktur på intern kommunikasjon og samhandling i klubben. På kurssida har kompetanseutvikling både for trenarar, dommarar og spelarar vore vektlagd.

Sportsleg:

Det har vore ei positiv utvikling på alle nivå med gode prestasjonar gjennom sesongen. Den unge seniorgruppa har hatt stor sportsleg utvikling, noko som mest sannsynleg gjev oss følgjande resultat :

- Førde 1 - Vinnar av 4 divisjon med opprykk til 3 divisjon – Damer.
- Førde 2 - Vinnar av 5 divisjon med opprykk til 4 divisjon – Damer.
- Førde J 16 - Kjempar i toppen av sin klasse.
- Førde Herrelag - Vinnar av 4 divisjon





Førde IL HANDBALL

Årsmelding 10

Ungdomsgruppa :

Førde Jenter 15 kjempar i toppen av sin klasse.

Førde Jenter 14 leiar sin divisjon med stø kurs mot å bli fylkesmeister.

Førde Jenter 13 kjempar i toppen av sin klasse.

Førde Gutar 14 ligg midt på tabellen

Førde Gutar 13 ligg midt på tabellen.

Barnegruppa :

Jenter 12 – 3 lag, trenar to gonger i veka.

Jenter 11 – 1 lag, trenar 1 gong i veka.

Jenter 10 – 3 lag, trenar 1 gong i veka.

Gutar 10 – 2 lag, trenar 1 gong i veka.

Minihandball – delt i to grupper 60 – 70 spelarar.

Vi har hatt fleire lag på ulike turneringar, med gode resultat.

Til inneverande sesong (10/11) har vi meldt på 21 lag i regionsserien + minihandball. Det var ved utgangen av året registrert 350 medlemmar/aktive.

Den sportsleg planen, med rammeplanar for dei einsskilte årsklassane, er lagt til grunn for korleis vi har organisert aktiviteten. I rammeplanane ligg omtale av forventede treningsmengde, målsetting for treningsarbeidet, kamptilbod og sosiale aktivitetar.



Kurs og kompetanseutvikling:

Seniortrenaren vår, Kristjan Adalsteinsson, har vore ein viktig ressurs for klubben, ikkje berre på seniornivå, men også i dei aldersbestemte klassane og ovanfor trenarapparatet. I haust arrangerte vi handballakademi for ungdomskuleelevane på morgonen to dagar i veka der dei fekk trene med Kristjan som instruktør. Også på Hafstad Vidaregåande skule får elevane tilbod om trening i skuletida to gonger i veka. Vidare valde vi, i samarbeid med partnarklubben vår Florø, å sende alle trenarane på trenar II-kurs. Kristjan har vore hovudinstruktør på kurssamlingane, som vidareførast våren 2011. Vi meiner dette har vore til stor motivasjon og gjeve mange i klubben, både spelarar og trenarar, eit ekstra løft i handballkvardagen.

Prosjektdeltaking:

FIL-handball vart i 2010 plukka ut til å vere med i Sogn og Fjordane Idrettskrins/Sparebanken Sogn og Fjordane sitt Topp-Idrettsutviklings-prosjekt. Dette er tilpassa aldersgruppa 16-18 år. Her får spelarane auka sin kunnskap om målretta trening der styrke, spenst, uthald, motorikk, kost, motivasjon og stressmeisting inngår som del av heilskapstenkinga rundt det å utvikle seg som handballspelar. Jo Inge Gåsvær har følgt opp jentene våre i dette prosjektet

I år har vi også valt å prioritere opp dommararbeidet i klubben ved å melde oss på Region Vest sitt Dommar/Fairplay-prosjekt. Fokuset her har vore korleis vi skal jobbe med dommarrekruttering og kva som skal til for å behalde dommarane i klubben. I 2010 har vi gjennomført klubbdommarkurs for nærare 50 spelarar og fleire av desse fekk prøve seg som dommarar for første gong under årets Førde-Cup. Våren 2011 skal dette følgjast opp med Dommar I kurs . Leif Otto Olsen har vore prosjektleiar og Terje Holvik har vore rettleiar for dette arbeidet.

Arrangement:

Årets Førde-Cup vart arrangert i Førdehuset 3.-5. september. Det vart registrert ein liten nedgang i tal deltakarar, men arrangementet var vellukka og gav god medieomtale.

I vinterferien vart det arrangert Gjensidige handballskule med 55 deltakarar. Også her fekk klubben god medieomtale og dei eldste spelarane gjorde ein framifrå jobb som instruktørar.

Romjulscupen vart i år arrangert i Florø. Som del av partnerklubbsamarbeidet vil cupen bli arrangert annakvart år i Førde og Florø.

Haldningsskapande arbeid:

I 2010 har vi valt å setje større fokus på Fair-play-verdiane. Desse er no tydelegare innarbeidd i klubbhandboka. Spelarar, trenarar og oppmenn må forplikte seg til å følgje dette gjennom haldningsavtaler. Av Region Vest vart vi "Månadens Fair-play –sak" då vi arrangerte temakveld og sette diskusjon om verdigrunlaget vårt på dagsordenen.

Økonomi:

Rekneskapen for 2010 viser ei samla inntekt på kr. 1.525.763,- og utgifter på kr.1.573.402,- som gjev eit underskot på kr. 47.639. Den negative eigenkapitalen er på kr. 32.096. Rekneskapet skal reviderast for seinare godkjenning i FIL sitt årsmøte.

Største utgiftsposten er som før; leige av idrettshallen i Førdehuset. I uttale til kommunedelplan for idrett og friluftsliv i Førde 2010-2013 har styret spelt inn krav om ei betre oppfølging av intensjonane om

at anlegg som har fått spelemidler på sikt bør stillast til gratis rådvelde for barn og unge under 19 år. Førde kommune vert oppmoda om å lage ei konkret strategi for å betre rammevilkåra for leige av kommunale bygg og anlegg.

Det er ført eige rekneskap for Topp Sunnfjord -satsinga. Løn til seniortrenar er finansiert med øyremerkte sponsormidler. Det er inngått 3-årige avtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane, Biltreff, Gravdal Gruppa og Coop Mega for å finansiere dette. I samarbeid med Florø handballklubb har vi i 2010 henta inn Enivest som ny sponsor til denne satsinga. Vi vil også i 2011 vidareføre arbeidet med å skaffe fleire sponsorar til Topp Sunnfjord -satsinga. For at lønnsberekning og tilhøve knytt til arbeidsgjevaravgift, skatt og pensjon skal skje i tråd med gjeldande lov- og regelverk, er det inngått avtale med Rekneskapsteneste AS for utrekning og utbetaling av løn.

Hovudsponsorane for FIL- handball er som tidlegare Sparebanken Sogn og Fjordane, Firda og Sentrum Sør. I tillegg kjem utstyrsavtalen med Sporten Førde Sport AS.

Takk til alle som har bidrege:

Styret har hatt ein travelt, men svært interessant handball-år. Vi håper medlemmane har opplevd eit positivt år med mykje handballglede og gode opplevingar.

Styret vil takke alle trufaste eldsjeler som legg ned mykje godt arbeid for å fremje og utvikle handballen i Førde. Vi vil gjerne takke sponsorane for velvilje, og andre medspelarar som på ulikt vis har stilt opp for handballgruppa i 2010.

For styret i FIL – Handball

Eva Moberg